



Bokn kommune

Møteprotokoll

Utval:	Kommunestyret
Møtestad:	Boknahåve, møterom 2. etg. i Bokn Arena
Dato:	09.12.2025
Tid:	Kl. 18:00 : 20:30

Følgande medlemmer møtte Parti

Arne Hosaas	AP
Rannveig F. Øvrebø	AP
Edgar Våge	H
June Susanne Grønnestad	H
Lene Ognøy Foss	H
Olav Lande Rossebø	H
Per Helge Sunde	H
Svein Ove Alvestad	H
Sigmund Alvestad	KRF
Egil Magne Våge	SP
Erik Nilssen	SP
Ida Schmeichler Grønnestad	SP
Osmund Våga	SP
Vilhelm Martin Våge	SP

Forfall	Parti	Varamedlem	Parti
Odd Kenneth Tollaksen		Marie Løvoll Faye	AP
Rakel Alvestad	AP	Marit Alvestad	AP
Amalie Våga	SP	Magnus Grønnestad Alvestad	SP

Ann-Kristin Grønnestad (Ap) stilte for Rannveig Foss Øvrebø som hadde sagt seg ugild i sak 64/25.
Ann Jeanette Sunde stilte i begynnelsen av møte for Olav Lande Rossebø som hadde meldt seg
forsinka til oppstart av møte.

Andre som møtte

Stilling

Ingeborg Skjølingstad	Kommunedirektør
Lillian Grønnestad	Kommunalsjef økonomi og administrasjon
Michael Gräfe	Kommunalsjef teknisk
Åse Bratthammer	Kommunalsjef Oppvekst

Merknader til innkallinga: ingen

Merknader til sakslista: ingen

Til å skriva under møteboka vart valde: Vilhelm Martin Våge og Sigmund Alvestad

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel
61/25	Godkjenning av innkalling
62/25	Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll
63/25	Møteplan for politiske utval 2026
64/25	Forslag til kandidatar - val av ungdomsråd for perioden 2026 - 2027.
65/25	Busetting av flyktningar 2026
66/25	Alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028
67/25	Karmsund havn IKS - endring av § 7 i vedtektene - heving av låneramme 2025
68/25	Føresvik - Alvestad - Hovudplan VA
69/25	Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029
70/25	Forslag til forskrift om gebyrer mv. etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Bokn kommune, Rogaland
71/25	Samlesak for referatsaker
72/25	Samlesak for orienteringsaker
07/25	Oversikt over søknader til drifts- eller arrangementsstøtte 2025

61/25 Godkjenning av innkalling

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

KS - 61/25 Vedtak

Innkallinga vert godkjent utan merknader.

62/25 Godkjenning av møteprotokoll og val av representantar til signering av protokoll

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

KS - 62/25 Vedtak

Møteprotokollen vart samrøystes godkjent. Vilhelm Martin Våge og Sigmund Alvestad blei valde til å signera protokollen.

63/25 Møteplan for politiske utval 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til møteplan 2026 for politiske møter blir godkjent som framlagt.

Møtelokale for politiske møter vert sett til Boknhave og Kongshavn i Bokn Arena.

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Nytt tidspunkt for kommunestyremøte 08.12.26, foreslått av Egil Magne Våge, Senterpartiet
Kommunestyre møte tirsdag 08.12.26 blir flytta fram til kl 1600 - 1900 med etterfølgande middag ifm juleavslutning for kommunestyret på sjøhuset i Alvestad.

Avrøysting:

Kommunestyret røysta fyrst over tilleggforslag frå Egil Magne Våge (Sp) om å leggja kommunestyret sitt desembermøte i 2026 til kl. 16:00 med påfølgende middag etterpå. Forslaget blei samrøystes vedteke.

Deretter røysta kommunestyre over framlegg til møteplan frå kommunedirektør innstilt av formannskapet. Framlegg frå formannskapet blei samrøystes vedteke.

KS - 63/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Forslag til møteplan 2026 for politiske møter blir godkjent som framlagt.

Møtelokale for politiske møter vert sett til Boknhave og Kongshavn i Bokn Arena.

Kommunestyre møte tirsdag 08.12.26 blir flytta fram til kl 1600 - 1900 med etterfølgande middag ifm juleavslutning for kommunestyret på sjøhuset i Alvestad.

12.11.2025 Forvaltningsstyret

Behandling

Per Helge Sunde (H) tok opp spørsmål om endring av dato i april til den 7. april med tanke på lang tid til neste kommunestyremøte. Dette skal tas opp i gruppene før kommunestyrevedtak om møteplan.

FV - 016/25 Vedtak

Forvaltningsstyret vedtek samrøystes:

Forslag til møteplan 2026 for politiske møter blir godkjent som framlagt.

Møtelokale for politiske møter vert sett til Boknhave og Kongshavn i Bokn Arena.

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 095/25 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Forslag til møteplan 2026 for politiske møter blir godkjent som framlagt.

Møtelokale for politiske møter vert sett til Boknhave og Kongshavn i Bokn Arena.

10.11.2025 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

ERPF - 022/25 Vedtak

Eldrerådet/råd for personar med funksjonsnedsetjing stettar kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Forslag til møteplan 2026 for politiske møter blir godkjent som framlagt.

Møtelokale for politiske møter vert sett til Boknhave og Kongshavn i Bokn Arena.

03.11.2025 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet kjem med forslag om følgande møteplan for 2026:

26.01

16.02

23.03

20.04

11.05

08.06

Sumarferie

31.08

28.09

19.10

09.11

07.12

UNG - 042/25 Vedtak

Ungdomsrådet vedtar følgande møteplan for 2026.

64/25 Forslag til kandidatar - val av ungdomsråd for perioden 2026 - 2027.

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) ber seg ugild i saka da hun har dotter på val til ungdomsrådet.

Kommunestyret såg ikkje at Rannveig Foss Øvrebø var ugild med heimel i kommunelova § 11-10, siste ledd.

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 64/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes følgjande medlemmer til ungdomsrådet for perioden 2026 og 2027:

- **Espen Ognøy Våge (1 vgs)**
- **Truls Foss (1 vgs)**
- **Sanne Øvrebø (2 vgs)**
- **Magne Røsdal Lund (2 vgs)**

Nye:

- **Stian Ognøy Våge (8 kl)**
- **Live Øvrebø (9 kl)**
- **Nora Skjelde Prestbø (9 kl)**
- **Tobias Hatlem (10 kl)**

Ungdomsrådet må i fyrste møte i januar velje leiar, nestleiar, faste og varamedlemmer for perioden 2026 og 2027.

03.11.2025 Ungdomsrådet

Behandling

Ungdomsrådet mottok 5 interesserte kandidatar til nytt val. Ungdomsrådet hadde ein god diskusjon i møte rundt kandidatane, og kva kandidatane sjølv skreiv at dei ynskja å jobbe for dei neste åra. Ungdomsrådet har lagt vekt på retningslinjene for ungdomsrådet i Bokn kommune samt kjønnsbalanse i sitt forslag til kommunestyret. Det er på denne lista ein kandidat fra kvar klasse på ungdomsskulen, samt meir balanse mellom kjønn.

UNG - 038/25 Vedtak

Ungdomsrådet vedtek samrøystes ny liste til ungdomsråd for perioden 2026 - 2028. Det blir laga eigen sak til kommunestyret sitt møte i Desember.

65/25 Busetting av flyktningar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vil busetja 5 flyktningar i 2026

Bokn kommune set av nødvendige ressursar til å følgja opp flyktningane innanfor ramma av midlar ein får i tilskot frå IMDI

Bokn kommune ser det ikkje som forsvarleg å ta imot einslege, mindreårige flyktningar

Flyktningar får tilgang til SFO og barnehage gratis

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting:

Kommunestyret vedtok samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 65/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Bokn kommune vil busetja 5 flyktningar i 2026

Bokn kommune set av nødvendige ressursar til å følgja opp flyktningane innanfor ramma av midlar ein får i tilskot frå IMDI

Bokn kommune ser det ikkje som forsvarleg å ta imot einslege, mindreårige flyktningar

Flyktningar får tilgang til SFO og barnehage gratis

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 094/25 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Bokn kommune vil busetja 5 flyktningar i 2026

Bokn kommune set av nødvendige ressursar til å følgja opp flyktningane innanfor ramma av midlar ein får i tilskot frå IMDI

Bokn kommune ser det ikkje som forsvarleg å ta imot einslege, mindreårige flyktningar

Flyktningar får tilgang til SFO og barnehage gratis

10.11.2025 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

ERPF - 021/25 Vedtak

Eldrerådet/råd for pesonar med funksjonsnedsetjing stettar samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Bokn kommune vil busetja 5 flyktningar i 2026

Bokn kommune set av nødvendige ressursar til å følgja opp flyktningane innanfor ramma av midlar ein får i tilskot frå IMDI

Bokn kommune ser det ikkje som forsvarleg å ta imot einslege, mindreårige flyktningar

Flyktningar får tilgang til SFO og barnehage gratis

66/25 Alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek nye alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 66/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Kommunestyret vedtek nye alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Avrøysting:

Formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 096/25 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek nye alkoholpolitiske retningslinjer 2024 - 2028

67/25 Karmsund havn IKS - endring av § 7 i vedtektene - heving av låneramme 2025

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek endring av selskapsavtalen § 7, 5.ledd for Karmsund havn IKS, slik at selskapet si låneramme blir auka frå 800 millionar kroner til 1 200 millionar kroner.

Endringa trer i kraft når alle eigarkommunane har vedteke likelydande endring.

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 67/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Kommunestyret vedtek endring av selskapsavtalen § 7, 5.ledd for Karmsund havn IKS, slik at selskapet si låneramme blir auka frå 800 millionar kroner til 1 200 millionar kroner.

Endringa trer i kraft når alle eigarkommunane har vedteke likelydande endring.

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Svein Ove Alvestad (H) kommenterer at det må vere eit positivt tegn at dei auker lånerammen da det viser at det er stor aktivitet i selskapet.

Osmund Våga (SP) har kommentar på at det ikkje burde vere eit problem med å auka låneramma.

Avrøysting:

Formannskapet vedtek samrøystes kommunedirektøren si innstilling.

FS - 097/25 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

Kommunestyret vedtek endring av selskapsavtalen § 7, 5.ledd for Karmsund havn IKS, slik at selskapet si låneramme blir auka frå 800 millionar kroner til 1 200 millionar kroner.

Endringa trer i kraft når alle eigarkommunane har vedteke likelydande endring.

68/25 Føresvik - Alvestad - Hovudplan VA

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Bokn kommune tek notat dagsett 27.10.2025 frå Abo Plan & Arkitektur AS til orientering.
2. På bakgrunn av tilrådinga i dette notatet, vedtek Kommunestyret å oppheve vedtaket i sak KS-36/25 og at det i staden skal arbeidast vidare med plan for etablering av eit meir framtidsretta hovudsystem for avlaup basert på at ny felles slamavskiljar skal plasserast på den kommunale eigedomen 9/155.
3. Konsekvensane for den etablerte klatreparken må vurderast og takast omsyn til, ved prosjektering og bygging av ny pumpestasjon på staden.
4. Overvassproblematikken må vurderast nøye, slik at det vert teke omsyn til klimaendringar med ekstremnedbør.
5. Kommunestyret sluttar seg til den tidsplanen som er skissert i saka. Budsjettjustering må gjerast i 2026, basert på meir detaljerte kostnadsoverslag. Tiltaka må òg innarbeidast i komande økonomiplanar.
6. Naudsynte tiltak i Føresvikvegen knytt til opparbeiding av denne, må gjevast høg prioritet.

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Ta ut punkt 6 og 7., foreslått av Osmund Våga, Senterpartiet

Pkt. 5 i vedtaket endres til:

Kommunestyret sluttar seg til den tidsplanen som er skissert i saka for punkt 1-5 i planen.

Punkt 6-7 tas ut og vurderes ved en senere anledning.

Budsjettjustering må gjerast i 2026, basert på meir detaljerte kostnadsoverslag. Tiltaka må òg innarbeidast i komande økonomiplanar.

Kommunalsjef teknisk innleia informasjonsrunde i saka og rådgjevar teknisk informerte grundig i saka. Det blei svara ut spørsmål frå kommunepolitikerane.

Osmund Våga (Sp) synes dette er ei betre løysing enn det som blei tidlegare vedteke. Det er ei stor og komplisert sak og ein skulle ønskja utsetting, men grunna tidsaspekt med tanke på veg og planar i Føresvik er det viktig å få fortgang i saka. Han ønskjer å ta ut dei 2 siste punkta i framlegg til vedtak.

Svein Ove Alvestad (H): dette er ein stor og viktig sak, det er prekært for Vikå og er innstilt på dei planane som ligg. Han er med på forslaget frå Osmund Våga. Og - det må gjerast rimeligast mogleg.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) synes det var ein god gjennomgang og stettar saka/framlegg til vedtak.

Kommunedirektøren informerte om at dersom ein nå vedtek denne saka, skyv ein ut vedtak gjort tidlegare om Alvestad Nord.

Avrøysting:

Det foreligg 2 forslag til vedtak: forslag frå formannskapet og framlegg frå Osmund Våga. Det blei røysta alternativt over dei 2 forslaga - framlegg frå Osmund Våga blei samrøystes vedtatt, dvs. kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak blei vedtatt med endring av forslag frå Osmund Våga (Sp)

KS - 68/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

1. **Bokn kommune tek notat dagsett 27.10.2025 frå Abo Plan & Arkitektur AS til orientering.**
2. **På bakgrunn av tilrådinga i dette notatet, vedtek Kommunestyret å oppheve vedtaket i sak KS-36/25 og at det i staden skal arbeidast vidare med plan for etablering av eit meir framtidsretta hovudsystem for avlaup basert på at ny felles slamavskiljar skal plasserast på den kommunale eigedomen 9/155.**
3. **Konsekvensane for den etablerte klatreparken må vurderast og takast omsyn til, ved prosjektering og bygging av ny pumpestasjon på staden.**
4. **Overvassproblematikken må vurderast nøye, slik at det vert teke omsyn til klimaendringar med ekstremnedbør.**
5. **Kommunestyret sluttar seg til den tidsplanen som er skissert for pkt. 1 – 5 i planen. Budsjettjustering må gjerast i 2026, basert på meir detaljerte kostnadsoverslag. Tiltaka må òg innarbeidast i komande økonomiplanar.**
6. **Naudsynte tiltak i Føresvikvegen knytt til opparbeiding av denne, må gjevast høg prioritet.**

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Kommunalsjef teknisk informerte om bakgrunn for saka.

Osmund Våga (Sp) synes det er for tidleg å fremme saka nå - er ei stor og komplisert sak som ein bør settje seg betre inn i før vedtak blir fatta.

Per Helge Sunde (H) meiner denne saka dvs. prosjektet er for stort med tanke på arbeidsmengde til of kunne utførast av administrasjonen vi har per idag.

Svein Ove Alvestad (H) meiner det er bra å vere framtidsretta, men synes saka er for usikker med omsyn til dei krav som kjem i framtida, tida er for knapp til at vi nå skal gå på ein anna løysning enn kommunestyret allereie har vedteke og løysinga er meir kostnadskrevjande enn den som allereie er vedteke.

Ordførar hadde spørsmål om tidsplan som ligg i saka og konsekvensar dersom ein går for den løysinga som er vedteke.

Rakel Alvestad (Ap) peikar på at Miljødirektoratet ikkje lempar på krav som dei nå signaliseres og meiner at ein må ta omsyn til det som vil skje i framtida. Hun stettar det som er lagt fram frå administrasjonen.

Både Ap og Sp ønskjer å vedta kommunedirektøren sitt forslag nå, men vil jobbe nærmere med saka mot kommunestyret. KrF vil under tvil vere med på vedtaket nå, men ønskjer eigentlig å behalde den saka som allereie er vedtatt pr. idag.

Høyre ønskjer ikkje å vedta positivt nå, men vil også bruke tida fram til kommunestyret å jobbe meir med saka.

Avrøysting:

Formannskapet vedtek med 5 mot 2 røyster (Per Helge Sunde og Svein Ove Alvestad frå Høyre) kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

FS - 103/25 Vedtak

Formannskapet innstiller med 5 mot 2 røyster frå Høyre til kommunestyret:

1. **Bokn kommune tek notat dagsett 27.10.2025 frå Abo Plan & Arkitektur AS til orientering.**
2. **På bakgrunn av tilrådinga i dette notatet, vedtek Kommunestyret å oppheve vedtaket i sak KS-36/25 og at det i staden skal arbeidast vidare med plan for etablering av eit meir framtidsretta hovudsystem for avlaup basert på at ny felles slamavskiljar skal plasserast på den kommunale eigedomen 9/155.**
3. **Konsekvensane for den etablerte klatreparken må vurderast og takast omsyn til, ved prosjektering og bygging av ny pumpestasjon på staden.**
4. **Overvassproblematikken må vurderast nøye, slik at det vert teke omsyn til klimaendringar med ekstremnedbør.**
5. **Kommunestyret sluttar seg til den tidsplanen som er skissert i saka. Budsjettjustering må gjerast i 2026, basert på meir detaljerte kostnadsoverslag. Tiltaka må òg innarbeidast i komande økonomiplanar.**
6. **Naudsynte tiltak i Føresvikvegen knytt til opparbeiding av denne, må gjevast høg prioritet.**

69/25 Budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2026 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 116.063.000 på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	24.626.000
Rammeområde 2 Oppvekst	37.410.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	40.634.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	3.807.000
Rammeområde 6 Teknisk	9.586.000

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentralinntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenestoområde

4. Kommunestyret vedtek nye tiltak i 2026 – 2029 ihht skjema 2A

5. Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med inntil kr 8.000.000 ved behov. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.

6. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2026 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.

7. Bokn kommune sine gebyrinntekter for vatn, avlaup og slam skal over tid dekke samla sjølvkost på området.

8. Kommunedirektøren gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

9. Kommunedirektøren gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.

10. Kommunedirektøren gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet.

11. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2026 og økonomiplanperioden 2026 – 2029:

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %

Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %

Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %

Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %

Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %

Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån mindre enn 70%

12. Skattevedtak

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» . Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. Eiendomsskattelova § 11, første ledd.

Utskriving av skatt for skatteåret 2026 blir basert på takstar fastsett ved alminnelege taksering. Det vedtas alminneleg omtaksering pr 01.01.2026.

Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Forslag fra Arbeiderpartiet, foreslått av Rannveig F. Øvrebø, Arbeiderpartiet

Oversendelsesforslag

Kommunestyret i Bokn henstille Representantskapet i Haugaland Vekst IKS om å gjennomføre en helhetlig og ryddig eiergjennomgang av selskapet. Gjennomgangen skal omfatte en vurdering av dagens oppgaver, prioriteringer og ressursbruk, en gjennomgang av fordelingsnøkklene mellom deltakerkommunene, behovet for oppdatering av selskapsavtalen, samt en vurdering av hvordan selskapet best kan innrette sin kapasitet i påvente av mer langsiktige økonomiske rammer. Representantskapet bes vurdere midlertidig bruk av fondsmidler for å opprettholde nødvendige funksjoner fram til ny selskapsavtale og finansieringsmodell er vedtatt av eierkommunene. Resultatet av gjennomgangen skal legges fram for eierkommunene i løpet av første halvdel av 2026.

Vedtekter Starlån, foreslått av Lene Ognøy Foss, Høyre
Ønsker å få opp en sak vedtekter på tildeling av startlån

Felles forslag tilleggspunkt til budsjett. Ertstatter fellesforslag på 6 punkter frå formannskapsmøte 11.11.25, foreslått av Egil Magne Våge, Senterpartiet

1. Sak: Overvatn Øyren

Det settes av kr 100 000,- til dette, og sum vert endra frå kr 500 000,- til kr 100 000,- i investeringsplan.

2. Ber om sak til kommunestyret ang bruk/rivingsal av Kyrkjebygd og gamle brannstasjonen.
Kostnad kr 500 000,- i langsiktig investeringsplan flyttes til 2028.

3. Riving Føresvikvegen 3, kostnad kr 300 000,- i langsiktig investeringsplan flyttes til 2027.

4. Det vert sett av 1,5 mill kr til rehabilitering av kommunale kaiar og vegar.

Beløpet vert finansiert med kr 750 000 frå auka rammeoverføringer og kr 750 000 frå redusert overføring til disposisjonsfond.

Netto driftsresultat blir då redusert til 1,49%.

5. Næringsfondet aukar til 1 mill kr. beløpet vert tatt frå disposisjonsfondet.

6. Ber om sak til kommunestyret på oppgradering uteområdet skulen.

Låneopptak, foreslått av Lene Ognøy Foss, Høyre
nytt punkt 5 Låneopptak

Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Kommunedirektøren blir delegert

fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.

Følgjande hadde innlegg:

Rannveig Foss Øvrebø (Ap): berømma budsjettarbeidet politisk og takkar for eit godt samarbeid med administrasjonen. Informasjon om korleis Ap ser på budsjettet framover.

Lene Ognøy Foss (H): berømma også administrasjonen for det gode arbeid som er lagt ned i budsjettet i år. Investeringsbudsjettet bekymra imidlertid - høgt investeringsnivå. Handlingsrommet framover synes veldig smart.

Osmund Våga (Sp): takker også administrasjonen for eit godt arbeid med budsjettet. Osmund er ikkje bekymra for lånestørrelsen som kommunen har da møkje av gjelda er "sjølvfinansierande" til dømes startlån og lån til brannstasjon. Driftsbudsjettet må ein derimot alltid følgje med på da ein i Bokn ikkje reduserer tenestenivået sitt. Osmund ønskjer ikkje å redusere startlånsmidler da desse er ein god inngangsport for å få seg eigen bustad i Bokn både for ungdommar og for dei som treng refinansiering etc.

Sigmund Alvestad (KrF) stettar fellesforslaget.

Svein Ove Alvestad (H) ein må kunne innrømme at ein nå ser at ein har gode kår i Bokn kommune med omsyn til økonomien. Han ser at vi kjem til å få utfordringer på driftsida med tanke på at vi blir eldre. For å ha eit framtidsretta budsjett kunne han ønskja seg eit litt strammare driftsbudsjett. Han meiner det er rett å stramme inn på låneopptak nå.

Osmund Våga (Sp) har kommentar til forslag til oversendelsesforslag sendt i frå Ap om Haugaland Vekst. Dersom kommunestyret henstiller til Haugaland Vekst må kommunestyret vedta henstillingen. Egil Magne Våge (Sp) informerte om at han vil ta opp ved neste møte i Haugaland Vekst problematikken som her blir poengtert av Ap i forslaget.

Avrøysting:

Kommunestyret røystar fyrst over felles forslag frå partia - tilleggsforslag til kommunedirektøren sitt framlegg. Tilleggsforslaget blei samrøystes vedtatt.

Deretter blei det røysta over tilleggsforslag fremma av Høyre v/ Lene Ognøy Foss om å få ei sak om reviderte lokale retningslinjer for Startlån. Kommunestyret vedtok samrøystes tilleggsforslag om revisjon av lokale startlansvedtekter.

Det blei røysta alternativt over pkt. 5 i kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og endringsforslag til pkt. 5 - låneopptak, fremma av Høyre v/ Lene Ognøy Foss.

Endringsforslaget falt med 6 røyster frå Høyre mot 11 røyster. Pkt 5 i kommunedirektøren sitt framlegg blei vedtatt med 11 mot 6 røyster.

Til slutt blei det røysta over kommunedirektøren sitt framlegg , pkt. 1 - 12, med tillegg av fellesforslag fremma av Sp i dette møte som erstatter formannskapet sitt tilleggsforslag frå møte

11.11.2025. Kommunestyret vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak pkt. 1 - 12 med felles tilleggsforslag fremma i møte av Sp v/ Egil Magne Våge.

KS - 69/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes::

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2026 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 116.063.000 på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	24.626.000
Rammeområde 2 Oppvekst	37.410.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	40.634.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	3.807.000
Rammeområde 6 Teknisk	9.586.000

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentralinntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenestoområde

4. Kommunestyret vedtek nye tiltak i 2026 – 2029 ihht skjema 2A

5. Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med inntil kr 8.000.000 ved behov. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.

6. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2026 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.

7. Bokn kommune sine gebyrinntekter for vatn, avlaup og slam skal over tid dekke samla sjølvkost på området.

8. Kommunedirektøren gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

9. Kommunedirektøren gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.

10. Kommunedirektøren gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet.

11. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2026 og økonomiplanperioden 2026 – 2029:

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %

Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %

Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %

Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %

Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %

Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån mindre enn 70%

12. Skattevedtak

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. Eiendomsskattelova § 11, første ledd.

Utskriving av skatt for skatteåret 2026 blir basert på takstar fastsett ved alminnelege taksering.

Det vedtas alminneleg omtaksering pr 01.01.2026.

Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd. Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

Tillegg frå partia:

1.Sak: Overvatn Øyren

Det settes av kr 100 000,- til dette, og sum vert endra frå kr 500 000,- til kr 100 000,- i investeringsplan.

2. Ber om sak til kommunestyret ang bruk/rivingsal av Kyrkjebygd og gamle brannstasjonen.

Kostnad kr 500 000,- i langsiktig investeringsplan flyttes til 2028.

3. Riving Føresvikvegen 3, kostnad kr 300 000,- i langsiktig investeringsplan flyttes til 2027.

4. Det vert sett av 1,5 mill kr til rehabilitering av kommunale kaiar og vegar.

Beløpet vert finansiert med kr 750 000 frå auka rammeoverføringar og kr 750 000 frå redusert overføring til disposisjonsfond.

Netto driftsresultat blir då redusert til 1,49%.

5. Næringsfondet aukar til 1 mill kr. beløpet vert tatt frå disposisjonsfondet.

6. Ber om sak til kommunestyret på oppgradering uteområdet skulen.

11.11.2025 Formannskapet

Behandling

Startlån, foreslått av Svein Ove Alvestad, Høyre

Punkt 5 i budsjettvedtaket. Opptak av startlån på kr 8 000 000,- fjernes

Felles forslag , foreslått av Egil Magne Våge, Senterpartiet

TIL - Felles forslag

Egil Magne Våge (SP)11.11.2025

Overvannsproblematikk Øyren iht forslag til løysing frå adm:

Løysinga byggjer på ei forlenging av utløpet med 10 meter over naboeigedom, og dette er ei omforent løysing med den aktuelle naboen. Sjølv om røyrbaserte løysingar ikkje er ønskelege ut frå overordna føringar, vil denne utføringa løysa utfordringane både på bana og i saka med naboen. Det er likevel knytt noko uvisse til ei eventuell godkjenning av løysinga. Det er gjennomført synfaring saman med vassområdekoordinatoren. Kostnadene for den alternative løysinga er rekna til under 100 000 kroner, inkludert søknad.

1. Ber om sak til kommunestyret ang bruk/rivingsal av Kyrkjebygd og gamle brannstasjonen.
3. Føresvikvegen 3, utsettes til 2027.
4. Det settes av 1,5 mill kr til Oppgradering kommunale kaiar og vegar.
5. Næringsfondet aukar til 1 mill kr. tas frå disposisjonsfondet.
6. Ber om sak til kommunestyret oppgradering uteområdet skulen.

Kommunedirektøren svarte ut dei spørsmåla som var innsendt i forkant av møte.

Rannveig Foss Øvrebø (Ap) stilte uttdypande spørsmål til størrelsen på budsjettering av Havbruksfondet, ekstra bemanning i barnehagen og auke av kostnader til drift av Kyrkjebygd 2026 kontra 2025.

Avrøysting:

Det blei fyrst røysta over forslag frå Høyre v/ Svein Ove Alvestad sitt forslag: Forslaget falt med 5 røyster mot 2 (Per Helge Sunde(H) og Svein Ove Alvestad(H).

Deretter blei det røysta alternativt over kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak og kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg av fellesforslag frå partia framsett av Egil Magne Våge (Sp):

formannskapet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tillegg av fellesforslag frå partia.

FS - 098/25 Vedtak

Formannskapet innstiller samrøystes til kommunestyret:

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2026 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 116.063.000 på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	24.626.000
Rammeområde 2 Oppvekst	37.410.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	40.634.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	3.807.000
Rammeområde 6 Teknisk	9.586.000

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentralinntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenesteområde

4. Kommunestyret vedtek nye tiltak i 2026 – 2029 ihht skjema 2A

5. Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med inntil kr 8.000.000 ved behov. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.

6. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2026 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.

7. Bokn kommune sine gebyrinntekter for vatn, avlaup og slam skal over tid dekke samla sjølvkost på området.

8. Kommunedirektøren gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

9. Kommunedirektøren gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.

10. Kommunedirektøren gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet.

11. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2026 og økonomiplanperioden 2026 – 2029:

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %

Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %

Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %
Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %
Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %
Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån mindre enn 70%

12. Skattevedtak

For eigedomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eigedomsskatt etter eigedomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseigedom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum». Det skal etter eigedomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eigedomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar».

Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. Eiendomsskattelova § 11, første ledd.

Utskriving av skatt for skatteåret 2026 blir basert på takstar fastsett ved alminnelege taksering. Det vedtas alminneleg omtaksering pr 01.01.2026.

Eigedomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eigedomsskattelova § 25, første ledd.

Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

Tillegg til budsjettvedtak frå partia:

1. Overvannsproblematikk Øyren iht forslag til løysing frå adm:

Løysinga byggjer på ei forlenging av utløpet med 10 meter over naboeigedom, og dette er ei omforent løysing med den aktuelle naboen. Sjølv om røyrbaserte løysingar ikkje er ønskelege ut frå overordna føringar, vil denne utføringa løysa utfordringane både på bana og i saka med naboen.

Det er likevel knytt noko uvisse til ei eventuell godkjenning av løysinga. Det er gjennomført synfaring saman med vassområdekoordinatoren. Kostnadene for den alternative løysinga er rekna til under 100 000 kroner, inkludert søknad.

2. Ber om sak til kommunestyret ang bruk/rivingsal av Kyrkjebygd og gamle brannstasjonen.

3. Føresvikvegen 3, utsettes til 2027.

4. Det settes av 1,5 mill kr til Oppgradering kommunale kaiar og vegar.

5. Næringsfondet aukar til 1 mill kr. tas frå disposisjonsfondet.

6. Ber om sak til kommunestyret oppgradering uteområdet skulen.

10.11.2025 Eldrerådet/Rådet for personar med funksjonsnedsetjing

Behandling

Kommunalsjef økonomi og administrasjon informerte om budsjett 2026 og økonomiplan 2026 - 2029.

Eldrerådet/råd for personar med funksjonsnedsetjing tok informasjonen til orientering.

Leiar i rådet synes det budsjettframlegget som ligg føre framstår som godt da det ikkje ligg inne nokon reduksjon i drifta til Bokn kommune.

Det blei diskutert rammer for oppvekstområdet. Leiar meinte auka rammer for oppvekstområdet må takast opp som eigen politisk sak og kanskje også innafor drifta i oppvekstområdet for 2026.

ERPF - 020/25 Vedtak

Eldrerådet/rådet for personar med funksjonsnedsetjing stettar samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Forslag til budsjett for Bokn kommune for 2026 vert vedteke på overordna nivå med eit nettobudsjett på kr. 116.063.000 på fylgjande rammeområder:

Rammeområde 1 Sentraladministrasjonen	24.626.000
Rammeområde 2 Oppvekst	37.410.000
Rammeområde 3 Helse, pleie og omsorg	40.634.000
Rammeområde 4 Sosial og barnevern	3.807.000
Rammeområde 6 Teknisk	9.586.000

2. Kommunedirektøren får fullmakt til å omfordele tiltak på rammeområda der endringane er av budsjett-teknisk og ikkje-prinsipiell karakter.

3. Driftsbudsjettet vedtas etter samme mal som budsjett- og regnskapsforskriftens § 5-4 "Bevilgningsoversikter - drift". Det vedtas et skjema "1A" som omhandler sentralinntekter og utgifter og et skjema "1B" som fordeler driftsbevilgningene til en netto ramme per tenesteområde

4. Kommunestyret vedtek nye tiltak i 2026 – 2029 ihht skjema 2A

5. Bokn kommune tar opp lån i 2026 med inntil kr. 6.700.000 til finansiering av sum investeringar etter at kompensasjon for mva og salsinntekter/tilskot er teke omsyn til. Vidare blir det vedteke å ta opp lån til vidareutlån (startlån) med inntil kr 8.000.000 ved behov. Kommunedirektøren blir delegert fullmakt til å ta opp låna, velje långivar og godkjenne avdrag og rentevilkår i løpetid.

6. Avgifter, gebyr, betalingssatsar og husleiger for 2026 vert vedteke i samsvar med vedlagte betalings- og gebyrreglement.

7. Bokn kommune sine gebyrinntekter for vatn, avlaup og slam skal over tid dekke samla sjølvkost på området.

8. Kommunedirektøren gis fullmakt til å "fryse" budsjettpostar og ledige stillingsheimlar, dersom situasjonen skulle tilseie det.

9. Kommunedirektøren gis fullmakt til å korrigera budsjettpostar der dette er naudsynt for å fylgje kontoplanen i Kostra. Dette skal ikkje endre hensikta med budsjettposten.

10. Kommunedirektøren gis fullmakt til å disponera tilskot og refusjonar utover det som er budsjettet.

11. Bokn kommunestyre vedtek fylgjande finansielle måltal for budsjett 2026 og økonomiplanperioden 2026 – 2029:

Netto driftsresultat i prosent av driftsinntektene meir enn 1,75 %

Disposisjonsfond + mindreforbruk i prosent av driftsinntektene meir enn 10 %

Arbeidskapital i prosent av driftsinntektene meir enn 15 %

Langsiktig lånegjeld i prosent av driftsinntektene mindre enn 80 %

Lån som betenes av frie inntekter mindre enn 70 %

Langsiktig lånegjeld utan unytta lånegjeld og vidare utlån mindre enn 70%

12. Skattevedtak

For eideomsskatteåret 2026 skal det skrivast ut eideomsskatt etter eideomsskattelova § 3, første ledd, bokstav d, «berre på næringseideom, kraftverk, vindkraftverk, kraftnettet og anlegg omfatta av særskattereglane for petroleum» . Det skal etter eideomsskattelova § 4, tredje ledd, dessutan skrivast ut eideomsskatt på «anlegg i sjø for oppdrett av fisk, skjell, skaldyr og andre marine artar».

Den alminnelege eideomsskattesatsen for skatteåret 2026 er 7 promille, jf. Eiendomsskattelova § 11, første ledd.

Utskriving av skatt for skatteåret 2026 blir basert på takstar fastsett ved alminnelege taksering. Det vedtas alminneleg omtaksering pr 01.01.2026.

Eideomsskatten blir skriven ut i 2 terminar, jf. eideomsskattelova § 25, første ledd. Kommunale inntektsskattøyre skrives ut i samsvar med Stortinget sitt vedtak om maksimalsats.

70/25 Forslag til forskrift om gebyrer mv. etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova, Bokn kommune, Rogaland

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar ny forskrift om gebyrer etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova.

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

Avrøysting:

Kommunestyret vedtek samrøystes formannskapet si innstilling.

KS - 70/25 Vedtak

Kommunestyret vedtek samrøystes:

Kommunestyret vedtek ny forskrift om gebyrer etter plan- og bygningsloven, eierseksjonsloven og matrikkellova.

71/25 Samlesak for referatsaker

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

KS - 71/25 Vedtak
Referatsaker blir tatt til orientering.

72/25 Samlesak for orienteringsaker

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

KS - 72/25 Vedtak
Orienteringane blir tatt til informasjon

07/25 Oversikt over søknader til drifts- eller arrangementsstøtte 2025

09.12.2025 Kommunestyret

Behandling

KS - 07/25 Vedtak
Oversikta blir tatt til informasjon.